

SETESDAL SYNG ABBA

Kor? I Setesdal? Ja!
Setesdal skal synge ABBA!

No vil vi samle setesdølane om song
- og du er med dette invitert til å vere
med!

Syng du i kor til vanleg? (Kanskje heile koret
ditt blir med??)

Eller er du av dei som liker å synge, men som
ikkje har tid eller høve
akkurat no til å gå på korøving kvar veke?
Eller liker du berre rett og slett å synge?

Kanskje du er ein av dei som
alltid har hatt lyst,
men aldri riktig har våga? Liker du ABBA??

**DÅ ER PROSJEKTKORET SETESDAL
SYNG ABBA
NOKO FOR DEG!**

Kva, kor og korleis? Med kven? Og korfor??

- *Kva?* Eit tidsavgrensa prosjektkor for vaksne (alder vgs og oppover).
- *Kor?* Setesdal (truleg øvre del, av praktiske omsyn).
- *Korleis?* 4 øvingar. 2 eller 3 konsertar. Altså få, men intensive, øvingar – og då skal vi ha det MORO!
- *Kven?* Alle som har lyst, og under musikalsk leiing av Tina Høgevold og Magnus Tveiten.
- *Korfor?* For å vekke begeistring! (Og, fagleg sett, for å vekke interesse for korsong generelt)

Øvingar:

- Tidsramme: Oktober 2010- mars 2011
- 3 laurdagar med korøving (i okt., nov., jan.) – truleg i Valle, Bygland og Bykle
- 1 laurdag + 1 søndag med kor + band (i febr.) – truleg i Valle
- 2 (eller 3) konsertar (i febr. / mars) – spelestadar ikkje avklart enno
(Ja, det var faktisk alt! ☺)

Vi satsar på

- Supersosiale øvingar med masse humor og latter
- Songglede til tusen– vi vil BEGEISTRE!
- Store musikalske opplevingar

Ditt bidrag:

- Entusiasme, humor, glede, song
- Kr 400 i deltakaravgift
- Øvingar: At du er med minimum 2 av 3 laurdagar og at du er med på minst ein av dagane den helga vi har øving med kor og band
- At du, dersom du har behov for barnepass, betaler kr 50 pr gang for dette – for då ordnar vi faktisk barnevakter!

Øvingsdatoane er ikkje heilt fastlagte enno, men det blir truleg

30. oktober - 20. november - 15. januar - 12. februar
Konsertar: 19. og 20. februar.

NB! Her kan det kome endringar, men dei vil i så fall vere klare like etter ferien.

Vi har altså vore så heldige å få med oss ein knakande dyktig dirigent; Tina Høgevold (dette blir årets comeback, det kan eg love!), og kapellmeister / bandleiar er kanonflinke Magnus Tveiten
– OG DÅ KAN IKKJE DETTE BLI ANNA ENN HEILT TOPP OG EIN MEGASUKSESS!

Vi håper at medlemmane i dei lokale kora vil delta på dette, for det er veldig flott å ha ein grunnstamme som øver litt saman mellom fellesøvingane, men hovudtanke er at dette koret er eit tidsavgrensa prosjekt som **ALLE SOM HAR LYST** skal vere med på.

Initiativtakar og prosjektleiar er Valle kommune ved underteikna. Vi – Tina, Magnus og underteikna – har danna eit interimstyre, altså ei mellombels styre, men vi håpar sjølvstøtt på brei deltaking og at også andre engasjerer seg så mykje som mogleg etterkvart. Vi syslar litt med planar om å omsetje tekstane til nynorsk, og har også andre idear til korleis vi kan gjere dette prosjektet til noko utanom det vanlege.

Høyrest dette interessant ut? Ta kontakt med underteikna! Påmeldingsfrist er 1. september – men det er hyggeleg med tilbakemelding dersom de har nokre umiddelberre reaksjonar som de ønskjer å formidle.

Med helsing
Torunn Charlotte N. Lund
Rådgevar kultur Valle kommune